



RENOVEST

Renovest IKS 25 år. 1998 – 2023



Miljøvern i praksis





EI REINARE FRAMTID

Renovest er eit interkommunalt renovasjonsselskap i Vest-Telemark eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje.

Sidan etableringa i 1998 har me vore dedikerte til avfallshandtering og miljøvern. Rolla vår er å sikre effektiv og ansvarleg handtering av avfall i samarbeid med kommunane me betener.

Målet vårt er å tilby folk lovpålagde og gode renovasjonstjenester samtidig som me oppfordrar til betre kjelde-sortering, slik at meir av avfallet kan sorterast på rett måte.

Gjennom åra har kjeldesortering og avfallshandtering gjennomgått ei stor utvikling. Det meste av avfallet kan nå brukast om igjen, enten via materialgjenvinning eller via energigjenvinning.

Med vår erfaring, kompetanse og engasjement sikrar me sunnare og reinare omgjevnader for komande generasjonar gjennom innovasjon og effektive avfallshandteringsløysingar.

HISTORIA VÅR

På 1990-talet vart det innført strenge krav frå Statens forureinings-tilsyn (SFT) som forbudt brenning av avfall. Dette var ein viktig miljømessig milepæl som tvinga kommunane i Vest-Telemark til å vurdere avfallshandteringa på nytt. På grunn av avgrensar ressursar valde kommunane å samarbeide for å oppfylle dei nye krava.

I denne samanhengen vart Renovest DA etablert den 4. mai 1998. Målet var å ta hand om avfallet i regionen. Ved oppstart fekk selskapet eit samla innskot på 10 millionar kroner frå kommunane som skulle danne eigenkapital i det nyetablerte «DA-selskapet». Eigardelane skulle spegle det høvesvise talet på innbyggjarar i kommunane på etableringstidspunktet.

Ei viktig avgjerd i etableringsprosessen var valet av hovedbase for Renovest. Det vart ein dragkamp mellom kommunane Kviteseid og Seljord. Kviteseid vann denne dragkampen, og fekk dermed plasseringa av hovedkontoret i sin kommune. Dette vart bestemt med tanke på logistikk og geografiske forhold.


Frå starten og fram til i dag har Renovest og innbyggjarane i Vest-Telemark vore gjennom store endringar når det gjeld avfalls- sortering og avfallshandtering. Frå innsamling og deponering av ein avfallsfraksjon på 90-talet, til innsamling, mottak, sortering og gjenvinning av fleire avfallsfraksjonar i dag. Heime hos abonnementane samlar me nå inn fem ulike avfallsfraksjonar. Nå får også fritidsabonnementane i regionen kjeldesortert avfallet sitt i fem ulike fraksjonar på hytterenovasjonspunkta. For å få til dette har det vore naudsynt med store investeringar og tilpassingar. Til gjengjeld har me kontinuerleg forbetra avfallshandteringa og vore tidleg ute i samband med stadig aukande krav til berekraft.

Renovest har spelt ei viktig rolle i avfallshandteringa i Vest-Telemark i over to tiår. Gjennom samarbeidet mellom kommunane har selskapet bidrige til å oppfylle strenge miljøkrav og til å arbeide for ei berekraftig framtid.



Jf. selskapsavtala skal verksemda:

- etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av affal for dei fem eigarkommunane i samsvar med forureiningslov og driftsløyve.
- vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av alle avfallstypar etter lovverk og føresegner.
- ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg.
- drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging i samband med avfallshandtering.



RENOVASJON HUSHALDSAVFALL



INNSAMLING

Me har innsamlingsruter for restavfall, papp/papir/kartong, plastemballasje, matavfall og glas- og metallemballasje.

SORTERING, HANDSAMMING OG AVSETTING

Avfallet blir transportert til hovedmottaket i Brunkeberg for sortering og hand-

saming før det transporterast vidare på større einingar til ulik sluthandsaming. Restavfall og trevirke går til energigjenvinning. Jern, glas- og småmetall, plastemballasje, papp/papir/kartong og elektronikk går til materialgjenvinning. Matavfall går til biogassproduksjon. Park- og hageavfall vert hogge og nyttå som strukturmaterialer i samband med vår eiga slamkompostering.

ATTVINNINGSSTASJONAR

I tillegg til hovedmottaket i Brunkeberg, har me bemanna attvinningsstasjonar i Fyresdal, Tokke og Vinje. Her kan innbyggjarar og fritidsabonnentar levere ulike typar avfall.



SRS

**Seljord
Rekneskapsservice as**



Det lokale rekneskapskontoret ditt i sentrum av Seljord

Me gir dykk alltid prioritet og rask respons. Me er eit moderne rekneskapskontor, kontakt oss slik at me kan visa dykk moglegheitene for ein meir effektiv kvardag! Selskapet vart stifta i 1974 og har sidan den gong levert kvalitet, service og skreddarsydde løysingar til kundane våre.

Me er i dag 19 tilsette med ulik bakgrunn og erfaring, og har kontor i lyse og trivelege lokale i Seljord sentrum. Me har kundar frå fleire delar av landet, men hovudmassen er i Telemarksområdet.


I 2014 inngjekk Seljord Rekneskapsservice eit samarbeid med Økonomibistand konsernet og satsinga deira på rekneskapskontor. Me nyttar dei mest moderne verktøya og har tilgang på den største ekspertisen. Webløysingane våre innan fakturering, dokumentflyt, lønn og rapportering er enkle å ta i bruk, og er ein sikker måte å overføra data mellom dykk og oss som leverandør.



HYTTERENOVASJONSORDNING

Det er like viktig å sortere avfall når ein er på hytta som når ein er heime. Avfall frå hytta sorterast på same måte som vanleg hushaldningsavfall og bringast til eit av hyttereturpunktata våre. Som hytteabonnent i Fyresdal, Kviteeid, Seljord, Tokke eller Vinje står du fritt til å nytte det returpunktet som passar deg best. Godt over halvparten av hyttereturpunktata er nå oppgradert med moglegheit for full kjeldesortering.

Oversikt over dei ulike returpunktata og kva avfallsfraksjonar du kan levere kor, finn du her på nettsida vår: renovest.no



Kor flinke er egentlig Vest-Telemarkingar til å sortere?


Renovest har i åra 2017, 2020, 2021 og 2022 tatt plukkanalysar av restavfall samla inn frå hushaldningsabonnentar. Avfallet som analyserast har kvart år blitt henta hos dei same 28 abonnentane. Dette for å kunne måle ei eventuell endring i sorteringsgraden.

Abonnentane representarar ein god miks av befolkninga. Det er både småbarnsfamiliar, ungdomar, godt vaksne og einslege. Tabellen og diagrammet under viser fordelinga i prosent per utsortert fraksjon av innhenta avfall i åra 2017, 2020, 2021 og 2022.

År	Antall innsamla kg	Mat	Papir	Glas/småmetall	Plast	EE-avfall	Farleg avfall	Metall	Park/hage	Restavfall	Totalt
2017	310 kg	33,24 %	6,32 %	8,09 %	14,56 %	0,88 %	0,00 %	1,62 %	0,74 %	34,56 %	100,00 %
2020	310 kg	31,64 %	10,06 %	8,92 %	11,68 %	0,16 %	0,06 %	0,16 %	0,32 %	36,99 %	100,00 %
2021	280 kg	24,29 %	4,29 %	5,89 %	11,96 %	0,71 %	0,18 %	0,36 %	1,43 %	50,89 %	100,00 %
2022	267 kg	16,85 %	2,62 %	3,18 %	10,30 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %	1,87 %	65,18 %	100,00 %



Prosentvis utsorterte fraksjonar frå restavfallet som kunne vore attvunne



- Ved plukkanalysa i 2017 var det berre 35,56 % av restavfallet som faktisk var restavfall. Resterande 64,44 % bestod av andre avfallsfraksjonar.
- Ved plukkanalysa i 2022 var forholdet snudd på hovudet. Då var 65,18 % av avfallet restavfall, mens 34,82 prosent av avfallet bestod av andre avfallsfraksjonar.

Det er også positivt å sjå at det ikkje vart funne farleg avfall i plukkanalyisen i 2022.
Trenden er positiv og syner at me er på rett veg.

**BÆREKRAFTIG
GJENVINNING MED
STENA RECYCLING**

Bærekraftig gjenvinning av jern og metall starter med Stena Recycling AS. Vi henter ditt avfall eller du kan levere direkte på vårt anlegg

Vår avdeling i Skien er et moderne og miljørtig avfalls- og gjenvinningsanlegg. Med våre kompetente medarbeidere gjenvinner vi årlig rundt 150 000 tonn med verdifulle jern og metall ressurser.

Kontakt vår avdeling i Skien for mer informasjon
Besøksadresse: Høyneveien 80, 3739 Skien
Telefon: +47 35 50 37 30
E-mail: Tom.Taraldsrød@stenarecycling.com
www.stenarecycling.no

It starts here.

STENA
RECYCLING

Avfallshierarkiet

1. **Avfallsførebygging.**
Hindre at avfallet oppstår
2. **Ombruk**
Bruke gjenstandar om igjen
3. **Materialgjenvinning**
Bruke materialar frå avfallet til å lage nye produkt
4. **Energiutnytting**
Brenne med energiutnytting
5. **Deponering**

Målet med avfallspyramiden er å prioritere førebygging, ombruk og materialgjenvinning framfor energigjenvinning og deponering. Dess høgare opp i pyramiden me held oss, dess lågare blir miljø-påverknaden og ressursforbruket knytt til avfallshandteringen.







Foto: Kvito/Foto

Kvito AS er den største arbeids- og inkluderingsbedrifta i Vest-Telemark. Vi byggjer på lang erfaring frå dei tidlegare bedriftene Vinje Vekst, Vito Kompetanse og Kviteseid Arbeidssamvirke, som i 2012 fusjonerte og blei til Kvito AS. Vi har avdelingar i Vinje, Kviteseid, Tokke og Nissedal.

Gjennom våre ulike tiltak ynskjer vi å vera ei bru til arbeidslivet, i nært samarbeid med den enkelte jobbsøkjar, NAV og næringslivet.

Vår visjon er arbeidsglede

Med dette meiner vi at alle har rett til arbeid og ein meaningsfylt kvardag, der arbeidsglede skal vera hovudfokus både for tilsette og arbeidstakrar/jobbsøkarar.



Dalsvegen 28, 3890 Vinje • Tlf. 35 07 75 00
E-post: post@kvito.no • www.kvito.no

NYE REGLAR FOR NÆRINGSILIVET

Frå og med 2023 må også næringslivet kjeldesortere avfallet, og Renovest har gode løysingar for dette.

Me har etablert faste innsamlingsruter over heile Vest-Telemark for fem ulike avfallsfraksjonar: Restavfall, papp og papir, plastemballasje, glas- og metallumballasje og matavfall.

Som næringsdrivande kan du levere plastemballasje, landbruksplast, papp- og papiravfall, metall, glas- og småmetall, samt EE-avfall gratis på hovudmottaket i Brunkeberg.

Me tilbyr også utleige og töming av avfallsbehaldarar og containerar i ulike storleikar for dei fleste avfallsfraksjonar.

Frå 1. januar 2023 vart alle offentlege og private verksemder pålagt å sortere ut matavfall, plastavfall, park- og hageavfall og landbruksplast.

Størrelse og type behaldarar eller containerar kan me saman finne ut av i høve kunden sitt behov.

Ta gjerne kontakt med oss for eit uforpliktande tilbod på renovasjonstenester.



**Me køyrer faste ruter
for 5 avfallstypar:**

- *Restavfall*
- *Papp og papir*
- *Plastemballasje*
- *Glas- og metallumballasje*
- *Matavfall*



Eit andlet du kjenner

Containerleige

Treng du containerar i forbindelse med rydding, oppussingsprosjekt eller liknande?

Me leiger ut ulike containerar til ulike avfallsfraksonar i størrelsar frå 140 liter til 35 m³.

Me har lukka botntømte containerar, opne eller lukka liftcontainerar og opne eller lukka krokcontainerar.

Me tilbyr både korttidsutleige og langtidsutleige av containerar og behaldarar.

Ta kontakt med oss for eit uforpliktande tilbod.

350 68 000

post@renovest.no



Foto: Kasin Foto



**Velkomen til
Kviteseid kommune**

www.kviteseid.kommune.no
post@kviteseid.kommune.no • Tlf. 35 06 81 00



SLAMHANDTERING

Foto: KasinFoto



Ved mottak av råslam frå reinseanlegg og private avløpsanlegg blir det gjennomført følgjande prosedyre:

- Registrering av leverandør, dato, tidspunkt og mengde
- Prøvetaking av kvart lass/leveranse for analyse av tungmetall
- Blanding av råslam med strukturmateriale av granbork i forholdet 1:1
- Bygging av rankar i april/mai og august/september med tillegg av granbork og kverna park- og hageavfall
- Hygienisering av slamkomposten ved kontrollert temperatur over 50°C i 10 dagar og analyse av 36 prøver frå kvar ranke
- Ferdigvarelagret er destinasjonen for den godkjende slamkomposten

Renovest har ansvaret for tøming av tette tankar, slamavskiljarar og minireinseanlegg i eigarkommunane.

TETTE TANKAR

Tette tankar tømst med konvensjonell sugebil, og innhaldet i tankane vert transportert til kommunane sitt reinseanlegg.

SLAMAVSKILJARAR

Slamavskiljarar vert avvatna på staden med mobil avvatningsteknologi. Tørrstoffet frå slamavskiljaren vert skilt frå vatnet, som fyllast tilbake i septiktanken. Berre 20 % tørrstoff blir igjen. Dette transporterast så direkte til vårt eige slamkomposteringsanlegg. Ved å nytte mobil avvatningsteknologi reduserast vassmengda som skal transporterast med om lag 90 %.

KOMMUNALE REINSEANLEGG

Renovest har ansvaret for transport og handsaming av slam frå til saman 18 kommunale reinseanlegg i Vest-Telemark. Mindre reinseanlegg utan avvatning vert tømt med sugebil og transportert til større anlegg for avvatning. Avvatna slam frå dei store anlegga vert transportert i containerar til slamkomposteringsanlegget vårt.



Foto: KasinFoto

Berekraftig jordforbetring for landbruk og hage

Renovest driv eige slamkomposteringsanlegg på Litveit i Kviteseid. Frå dette anlegget tilbyr me eit miljøvennleg alternativ for jordforbetring innan landbruk, parkar, hageskråningar og private plenar. Litveit komposteringsanlegg har løye til å ta imot og behandle 3900 tonn råslam og 3500 tonn strukturmateriale årleg.

I Vest-Telemark samlar me inn om lag 2200 tonn råslam frå reinseanlegg og private avløpsanlegg. I tillegg tek me imot eksternt slam frå Tinn, Kongsvinger, Hjartdal, Notodden og Midt-Telemark.

Avtalene inneber kompostering av råslam og avsetting av slamkompost.

Slamkomposten brukast primært til jordforbetring i parkar, hagar og landbruk utanfor Vest-Telemark. Me oppmodar bønder i regionen som treng fornying av eng eller driv med kornproduksjon til å ta kontakt.

Me tilbyr òg omvising på Litveit slamkomposteringsanlegg og hjelper gjerne til med søknadar til kommunen.



Takk til samarbeidspartnarane våre for bidrag i denne brosjyra!

TELETORV

**TORVTAK
FRÅ TELEMARK**

**LANGHUSET/
DYRDAL AS**
STRAUMEKRYSSSET
ØYFJELL
3890 VINJE
TLF: 35 70 82 80

TELEFON 35 70 82 80

NIBIO NORISK INSTITUTT FOR
BODBONDEN

Spesialfremstilt for
den norske fjellheimen
i samarbeid med NIBIO

Taket blir lagt med
membran fra PROTAN

 **PROTAN**

Vi tilbyr tjenester innen grunnarbeid, veiarbeid,
veivedlikehold og transport



Borsævegen 22 C, 3880 Dalen • Tlf. 913 06 553
E-post: olavaageaskje@gmail.com



Industrivegen 8, 3840 Seljord | 35 05 80 80
post@dyrud.no | www.dyrud.no



• Kraftproduksjon • Kraftomsetning • Fiber

Tel: 35 07 57 00 / E-post: firmapost@vtk.no
www.vtk.no



Innkjøpskontoret

Er du offentlig virksomhet som skal ut på anbud?

Vi gjennomfører anskaffelsen for deg, raskt, trygt og effektivt – til fastpris.

www.innkjopskontoret.no



Sentrums Vaskeri & Renhold

DIN LOKALE LEVERANDØR AV VASK, RENS OG RENHOLD

Vi ønsker å være ditt foretrukne valg enten du skal vaske ned et nybygg på 1200m², eller bare skal vaske noe tøy eller rense dressen.

VASKERI • RENHOLD • RENSING • UTEIE OG SALG

Underhaugvegen 3 A, 3800 Bø i Telemark • Tlf. 900 28 841 • E-post: fbr@online.no
www.sentrumbaskeriogrenhold-as.net

JACO AS
www.bark.no

Bark - Matjord - Torvtak - Kompost

Kvalitet siden 1976

Skotselvveien 607, 3330 Skotselv v/Hokksund | T: 950 52 920 | jacoas@online.no | www.bark.no



Vi er en kombinert bedrift, bestående av både transport-tjenester og innsamling- og behandling av ulike plastfraksjoner

GANGSTØ TRANSPORT
VIKEBYGD
Mob. 908 57 549 - 957 46 346

Vikevegen 1002, 5568 Vikebygd • E-post: kjell@gangstotransport.no • www.gangstotransport.no



Aarnesgruppen
Aarnes Kafeteria - Sjøormen Kro
Kjærlighet til god mat i 50 år

Ingrid Slettens veg 20, 3840 Seljord • Tlf. 35 05 05 02 • aarneskafeteria.no



CATERING

God, hjemmelaget mat!

Bestill karbonader og kjøttkaker i løsvekt hos oss, perfekt til helge- og hyttekosen.

I kafeen serverer vi god og variert norsk tradisjonsmat som basis. Husk at du også får hver 10 middag gratis, fylles opp på tvers av våre steder.

Vi har 12 stk. Tesla ladestasjoner

Åpningstider:

Mandag-fredag og søndag 09-19

(til 20 fra 12. juni-10. september)

Lørdom 09-18

(til 19. fra 12 juni-10 sept.)



Sjekk ut
vår catering-
brosjyre!

Hent i kaféen eller
last ned på nett





RENOVEST

Renovest IKS
Ordalsvegen 63
3850 Kvitseid

350 68 000
post@renovest.no
www.renovest.no



JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 115671 · www.jsnorge.no



Miljøvern i praksis

